

## **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 14.08.2018**

**Øivind Strømmen (MDG)** sette på vegner av MDG, H og FRP fram slikt forslag:

«Utval for opplæring og helse sluttar seg til framlegget til høyringsfråsegn slik det går fram av saksdokumentet.

I tillegg vil utvalet peika på at ein fleire stader i rapporten omtaler minoritetspråklege og nykomne elevar, utan at ein ser systemet rundt desse elevane i samanheng med spesialundervisning. Det kunne ein med føremon ha gjort, mellom anna for å læra av erfaringar rundt korleis elevrettar vert følgt opp når PP-tenesta er involvert: på svært ulike måtar i ulike kommunar.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Øivind Strømmen sitt forslag på vegne av MDG, H og FRP vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Utval for opplæring og helse sluttar seg til framlegget til høyringsuttale slik det går fram av saksdokumentet.

I tillegg vil utvalet peika på at ein fleire stader i rapporten omtaler minoritetspråklege og nykomne elevar, utan at ein ser systemet rundt desse elevane i samanheng med spesialundervisning. Det kunne ein med føremon ha gjort, mellom anna for å læra av erfaringar rundt korleis elevrettar vert følgt opp når PP-tenesta er involvert: på svært ulike måtar i ulike kommunar.»